






母鸡和老鹰

Høne og Ørn



-  Ann Nduku
-  Wiehan de Jager
-  Vicky Liu
-  kinesisk / nynorsk
-  nivå 3

很久很久以前，母鸡和老鹰是好朋友。他们和其他的鸟儿住在一起，相安无事，但是他们都不会飞。

...

Det var ein gong Høne og Ørn var vener. Dei levde i fred med alle dei andre fuglane. Ingen av dei kunne fly.





有一天，他们住的地方发生了饥荒。老鹰要走很远很远的路才能找到食物。她回来的时候看起来非常疲倦。老鹰说：“这样走太累了！肯定有一种更省力的方法。”

...


Ein gong var det hungersnød i landet. Ørn måtte gå veldig langt for å finna mat. Ho var veldig trøytt då ho kom tilbake. “Det må vera ein lettare måte å reisa på”, sa Ørn.



母鸡饱饱地睡了一觉，想到了一个好主意。她开始搜集其他鸟儿掉下来的羽毛，说：“让我们把这些羽毛都缝在我们身上吧，也许这样我们走路就不吃力了。”

...

Etter ei god natts søvn fekk Høne ein lys idé. Ho byrja å samla saman fjør som hadde falle frå alle fuglevenene deira. “La oss sy dei fast utanpå fjørene våre”, sa ho. Kanskje det vert lettare å reisa då.



老鹰是村庄里唯一一个有银针的，所以她第一个开始缝羽毛。她给自己做了一双非常漂亮的翅膀，做完之后，在母鸡头上飞来飞去。母鸡问老鹰借了针，但她很快就厌烦了缝纫。她把银针留在柜子上，跑到厨房里，给她的孩子做饭。

...

Det var berre Ørn i landsbyen som hadde ei synål, så ho byrja først å sy. Ho laga seg eit par nydelege vengar og flaug høgt i sky. Høne lånte nåla, men vart fort trøyt av å sy. Ho la nåla i skapet og gjekk for å laga mat til borna sine.



其他的鸟儿看到老鹰飞得又高又远，非常羡慕。他们问母鸡借了银针，这样他们也可以给自己做翅膀了。过了不久，其他的鸟儿也都能上天飞翔了。

...

Men dei andre fuglane hadde sett Ørn som flaug av garde. Dei bad Høne om å få låna nåla for å sy vengar til seg sjølve òg. Snart flaug det fuglar overalt under himmelen.

当最后一只鸟儿归还银针的时候，母鸡不在家。她的孩子拿走了银针，玩来玩去。他们玩厌的时候，就把银针落在了沙地里。



...

Då den siste fuglen leverte tilbake nåla dei hadde lånt, var ikkje Høne der. Så borna hennar tok nåla og byrja å leika med ho. Då dei vart lei av å leika, lét dei nåla liggja att i sanden.



那天下午，老鹰回来了，她问母鸡要回自己的银针，因为她要修补一些松散的羽毛。母鸡找遍了柜子、厨房和后院，都找不到银针。

...

Seinare den ettermiddagen kom Ørn tilbake. Ho bad om nåla for å festa nokre fjør som hadde losna på turen. Høne leitte i skapet. Ho leitte på kjøkkenet. Ho leitte i gardsplassen. Men nåla var ikkje å sjå nokon stad.

母鸡求老鹰：“再给我一天吧！明天你就能修补翅膀，飞着去找食物了。”老鹰说：“好，就一天。如果你找不到银针的话，你就要把一个孩子给我作为补偿。”

...

“Gje meg berre ein dag”, bønnefall Høne Ørn. “Så kan du reparera vengen din og finna mat igjen.”
“Berre éin dag til”, sa Ørn. “Finn du ikkje nåla må du gje meg ein av kyllingane dine som betaling.”





第二天，老鹰来了，她看到母鸡正在沙地里翻来翻去，但是银针还是没有找到。老鹰从天上俯冲下来，抓了一只小鸡就飞走了。从那以后，无论老鹰什么时候出现，她都看到母鸡在沙地里找银针。

...

Då Ørn kom att dagen etter, såg ho Høne som rota i sanden, men ingen nål. Så Ørn stupte lynraskt ned, fanga ein av kyllingane og drog av garde med han. Sidan den gongen ser Ørn alltid at Høne rotar i sanden etter nåla når ho dukkar opp.



当母鸡在地上看到老鹰的影子时，她就警告自己的孩子：“快躲起来！别呆在这空旷干燥的地上。”孩子们回答她说：“我们不是傻瓜，我们会跑的。”

...

Når Ørn si venge kastar skuggen sin på bakken, varslar Høne kyllingane sine: “Kom dykk vekk frå den opne plassen.” Og dei svarar: “Vi er ikkje dumme. Vi skal springe.”



Barnebøker for Norge

barneboker.no

母鸡和老鹰

Høne og Ørn

Skrevet av: Ann Nduku

Illustret av: Wiehan de Jager

Oversatt av: Vicky Liu (zh), Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand (nn)

Denne fortellingen kommer fra African Storybook (africanstorybook.org) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge (barneboker.no), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons
[Navngivelse 3.0 Internasjonal Lisens](https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/).